

LOKALNYTT SFE VINDKRAFT BREMANGERLANDET VINDPARK GULESLETTENE VINDKRAFTVERK

Hadde venta 50 - over 150 møtte til vindkraft-demonstrasjon



MOTSTAND: Tore Røys Nesbakk reagerer på at SFE-direktøren ikkje svarte på dei frammøtte sine appellar, men heller stilte med eit ferdigskrive manus. Foto: Kjell Aga Ulvestad

Av [David E. Antonsen](#)

17. november 2019, kl. 16:43 ▾

SANDANE: Men SFE sitt synspunkt let seg ikkje påverke av oppmøtet.

Over 150 hadde møtt opp til demonstrasjonen utanfor SFE sitt hovudkontor på Heradsplassen på Sandane laurdag, for å syne sin avstand til vindkraftutbyggingane – ikkje berre på Bremangerlandet og Guleslettene, men også Okla og Lutelandet.

Hadde venta 50

– Vi er veldig godt nøgde med arrangementet, seier ein av initiativtakarane Tore Røys Nesbakk.

– Vi hadde forventa kring 50, og håpa det ville komme kring 100. Men når det kjem nesten dobbelt så mange som det, så føler eg at vi har lykkast med det vi sette i gang. Det store oppmøtet seier at det er eit brennande og sterkt engasjement ikkje berre her i Bremanger, men også andre stader i fylket. Og det sender eit sterkt signal til SFE om kva dei bør prioritere og ikkje prioritere.

Konsernsjef i SFE Johannes Rauboti var til stades, og fekk med seg alle tolv appellane – inkludert Nesbakk sin. Men det var ikkje mykje gehør å få frå SFE-sjefen, fortel Nesbakk.

– Han stod der i ein time og hørde på velbegrunna appellar frå folk frå heile fylket. Han kom opp på podiet til slutt med eit ferdigskrive manus med seg, så han svarte ikkje på noko av det vi hadde teke opp i våre appellar, verken bulyst eller fugleproblematikk. Det var ikkje interesse for å høyre på våre argument i det heile, seier Nesbakk.



BILDESERIE 18 BILDER

Bildeserie: Demonstrasjon på Sandane



100 meter frå stølsdøra

Fleire frå Bremanger heldt appell laurdag, mellom dei Ivar Rune Varpe. Han presiserte, som mange andre av talarane, at kritikken deira ikkje er retta mot dei tilsette i SFE, men leiinga. Han spurde mellom anna om kva leiarene i SFE hadde tenkt om dei hadde fått ein vindpark i nærområdet sitt.

– Kva hadde de tenkt og gjort om folk frå Bremanger kom til Sandane, reiste opp i fjellet og hytteområda dykkar og sa «dette skal vi ha! De som er eigarar av hytter og støler må berre komme dykk vekk, for dette skal vi ha og lage industriområde av». For det er nettopp det som skjer i Bremanger. Eg har ein stølsbygning i eit kulturområde med gamle sel og støler som SFE vil rasere. Nærmaste vindturbin kjem 100 meter frå stølsdøra mi, og høgda på turbinen er 150 meter. Og det verste er at SFE tykkjer dette er heilt greitt, presiserte Varpe i sin appell.

Han gjekk også gjennom historia bak Bremangerlandet vindpark.

– NVE sa eit klart nei til utbygging i 2015, men Framstegspartiet sin Terje Søviknes omgjorde vedtaket i Olje- og energidepartementet og gav utbyggjar konsesjon. Utbyggjar i dag er SFE med Ole Lingaas i spissen, og dei vil stå for den største rasering av natur i heile Bremanger kommune si historie.



LES OGSÅ

Mobiliserer til stor vindkraft-demonstrasjon på Sandane

- Må respektere usemje

I ein kronikk basert på talen til konsernsjef Johannes Rauboti, poengterer han at han har forståing og respekt for engasjementet.

– Om ein er gardbrukar i Bremanger, industriarbeidar på Lutelandet, fiskar frå Stad, eller konsernsjef i SFE – vi har ulike roller, men eg trur vi til sjuande og sist – inst inne – ønskjer det same: At våre barn, barnebarn og komande generasjonar skal få ei best mogleg framtid. Vi kan nok vere ueinige om korleis vi best gir dei denne framtida. Sjølv er eg overtydd om at klimaendringane må handterast, at fornybar energi spelar ei avgjerande rolle, og at det hastar, skriv Rauboti i kronikken og strekar under at det er difor vindkrafta er så viktig.

Og han poengterte at ein må respektere at ein er ueinige.

– Det er ikkje noko kjekt for meg som sjef for SFE å sjå at folk i min organisasjon på ei aksjonsside på Facebook blir kalla «ei skam for menneska», fordi dei gjer jobben sin, og i offentlegheita frontar prosjekt som både gir mykje ny fornybar energi og verdiskaping og arbeidsplassar lokalt. Prosjekt som trass alt har fått sine konsesjonar frå nasjonale styresmakter på bakgrunn av fleire år med utgreiingar frå uavhengige fagmiljø, kvalitetssikra av andre fagmiljø, involvering av lokalsamfunn og som på vegen har hatt støtte frå vertskommunane. Det er også nedslåande å sjå når enkelte på den same Facebooksida tek til orde for at lokale

leverandører, grunneigarar og familiare deira bør frysast ut frå samfunnsaktivitetar dersom dei bidreg til at vindkraft blir realisert i området. Vi veit at mange er positive til vindkraft, men det syner ikkje særleg att i debatten. Eg kan forstå at mange kvir seg når ein risikerer å møte slike reaksjonar, presiserte konsernsjefen.

På facebookgruppa *Nei til SFE, BKK vindkraft på Bremangerlandet* kan du sjå opptak av appellane frå demonstrasjonen.

Lik Firdaposten på Facebook



Les meir om: [lokalnytt](#) [SFE](#) [vindkraft](#) [Bremangerlandet Vindpark](#) [Guleslettene vindkraftverk](#)

Sjå kommentarar

Fleire saker




- Den sikta blir teken hand om av helsepersonell

ANNONSE

Annonsørinnhold fra Telenor Bedrift



En bedre hverdag? Last ned



Lyddopptak av STIF-legenda dukka opp i gamle skulesaker. Her kan du lese intervjuet



NCC Industri vil etablere fabrikk på Nesjane



Her er forklaringa på «lysfenomenet» som har forundra mang ein florøborgar den siste tida



Drapssikta sin forsvarar: - Han er heilt klart prega av situasjonen

Kommentarer til denne saken

Eldste

Nyeste

Populære

[Debattregler](#)

Du skriver som: **Roy Ove Svarstad** ▾

Kommenter

Jørund Nygård ✓ for 17 timer siden

👍 (5)

Om prosjektleiar eller konsernsjef blir kalt ei skam i ein privatperson sin kommentar på ei side, så får det stå opp i mot titusenvis av saklige kommentarar frå engasjerte folk. Vi slettar om det er stygt, men litt slingringsmon / vurdering kan det vere.

Ikkje ein person har snakka stygt om vanlige personar i SFE som gjer ein god og viktig jobb.

Når det gjeld påstand om utfrysing osv så kjenner eg meg verkeleg ikkje igjen i påstanden. Dersom eg hadde sett noko slikt hadde eg som admin der tatt grep.

Svar · **Rapporter**

Knut-S.Sørbo ✓ for 14 timer siden (redigert)

👍

Vindkraft på land er en uting. Vindkraft til havs langt bak horisonten er bra. Ute av syne-Ute av sinn.

Legger ved et innlegg som står å lese i Firda. Analyse med et glimt i øyet og vektige poeng.

<https://www.firda.no/synspunkt/vindkraft/fornybar-energi/vann-forste-slaget-men-kan-tape-krigen/o/5-15-909041>

Svar · **Rapporter**

nils a hovland ✓ for en time siden

👍

Stakkars Rauboti, ikkje rart han klagar. Hadde han berre vore like fintfølande for kundane sine, som må betale!

Svar · **Rapporter**

Til toppen